



# DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

## **Møtebok for Sauherad og Nes sokneråd**

**Møtedato:** 24.08.2017  
**Møtetid:** kl. 19:00  
**Møtestad:** Nes menighetshus (Kyrkjekontoret)

### **Til stades:**

Alf Rose Sørugaarden, Målfrid Nygård Laskemoen, Anne Marie Etholm, Rune Nilsen, Anlaug Jorunn Bergan, Anne-Inger Lunner, Tora Skjerkholt Aarnes, Johannes Sand, Lars Roe, Halvor Kåsin.

### **Meldt forfall:**

Jarl Olav Rugtveit, Geir Valle.

### **Saker**

#### **Sak 000015 Orientering om personalsituasjonen og den generelle drifta**

Kyrkjeverja orienterte om at det er søkt etter ny trusopplæringsvikar i ½ stilling og at Kjetil Nyhus er attende i jobben som kyrkjetenar etter tre års studiepermisjon. Den samla kyrkjetenarressursen er no 1,2 årsverk. Vidare blei det nemnt at Ivar Solbu dette skuleåret skal gå inn og dekke opp den 20 % preseteressursen som Kristian G Køhn har her, medan han jobbar redusert.

#### **Sak 000016 Brannvern i kyrkjene**

Kyrkjeverja viste til e-post frå Riksantikvaren der vi blir oppmoda om å startee arbeid med å prosjektere eit automatisk slokkeanlegg i Nes kyrkje.

#### **Sak 000017 Orientering frå og om arbeidet i utvala**

Soknerådsleiar orienterte om at ho no ved semesteroppstart ynskjer å invitere alle leiarane av underutvala til soknerådet til eit møte.

#### **Sak 021/17 Mandat for tilsetting av prosjektleiar og kyrkjeverje i det nye fellesrådet**

Vedlagt ligg referat frå møte i kyrkjeleg fellesnemnd 15.august 2017. Bakgrunn for møtet var å avklare forhold rundt tilsetting av prosjektleiar/ kyrkjeverje. Fyrst og fremst handlar det om å avklare om prosjektleiar også skal vere kyrkjeverje i ny kommune. I dette ligg det også eit stort ansvar hos fellestråda i å ivareta rettane til dei som er kyrkjeverje i dei to kommunane i dag.

Nemnda tydeleggjer at dette må vere ein prosess der sokneråda, stabane og kyrkjeverjene i dei to kommunane blir høyrd.

Det er i utgangspunktet fyrst og fremst leiarstillingane som blir endra i samband med samanslåinga. Under er det henta eit utsnitt frå rettleiaren som KA har laga:

#### **Kirkevergestillingen og øvrige lederstillinger:**

*Når fellesråd slås sammen, vil antall lederstillinger overstige det antall som den nye enheten trenger. I kirkelige fellesråd dreier dette seg først og fremst om kirkevergestillingene. Det kan også berøre assisterende kirkeverger og andre lederstillinger i den grad slike finnes i tillegg til kirkevergestillingen.*

*KA anbefaler at fellesrådene så snart som mulig etter at kommunesammenslåing er besluttet, kartlegger hvilke lederstillinger som vil bli berørt. Deretter må det foretas en kartlegging blant de berørte*



# DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

*stillingsinnehaverne for å avdekke om en eller flere av dem ønsker å videreføre «sin» stilling. Dersom det er flere som konkurrerer om samme stilling eller om fellesrådene ønsker å lyse ut stillingen må det først vurderes om noen har krav på stillingen. For at en kirkeverge skal ha krav på den nye stillingen som kirkeverge, må den nye stillingen medføre en vesentlig grad av videreføring av en nedlagt/bortfalt stilling. Hvis dette er tilfelle står ikke arbeidsgiver fritt til å bytte ut vedkommende som innehar stillingen med en ny. Dersom det er flere som ønsker seg en videreføring av sin stilling, og det i det nye fellesrådet kun vil være én slik stilling, bør det tidlig vurderes hvorledes en slik situasjon best bør løses. Det spørsmål som da gjør seg gjeldende er: Er kirkevergestillingen i det nye fellesrådet «den samme stillingen» som vedkommende kirkeverge nå har?*

*Hvorvidt den nye kirkevergestillingen er en «vesentlig grad av videreføring av stilling» må vurderes konkret i hvert enkelt tilfelle. I utgangspunktet vil en fellesråds sammenslåing innebære at kirkevergestillingen i det nye fellesrådet har samme ansvarsområde, men vil betjene et større område med flere innbyggere, ansatte mv. Utgangspunktet vil derfor være at kirkevergestillingen i det nye og større fellesrådet, vil kunne ansees som en videreføring av kirkevergestilling i de sammenslåtte fellesrådene. Det må imidlertid foretas en kartlegging av den eksisterende lederstillingenes innhold, ansvar og krav til kompetanse som grunnlag for vurderingen av om det er en vesentlig grad av videreføring av stilling. Dette må så vurderes opp mot krav til kirkevergestillingen i det nye fellesrådet. En vesentlig økning i fellesrådets størrelse og en vesentlig økning i antall ansatte vedkommende leder vil ha ansvar for, kan være argumenter mot at det er en videreføring av samme stilling. Dersom to fellesråd slås sammen – et lite og et stort – vil kirkevergen i det store fellesrådet i mange tilfeller lettere kunne sies å ha en stilling som videreføres i det nye fellesrådet enn kirkevergen i det lille fellesrådet.*

*Det å være leder i et sammenslått fellesråd vil kunne være mer krevende enn å være leder i en etablert virksomhet. Særlig gjelder dette i en oppstartsperiode der ulike kulturer, holdninger og rutiner skal forenes. De ulike fellesråd kan ha hatt ulik organisering av lederstrukturen. Kirkevergen i store fellesråd vil gjerne ha et overordnet lederansvar med andre lederstillinger under seg som i større grad kan sammenholdes med den nye kirkevergestillingens innhold. Kirkevergen i små fellesråd vil imidlertid kunne ha verdifull erfaring fra direkte personalansvar for alle ansatte samt være direkte involvert i driften på en annen måte enn kirkevergen i det større fellesrådet.*

*Det kan være at det er saklig å stille krav til lederegenskaper til den nye kirkevergestillingen utover det som har vært gjort i de tilsvarende lederstillingene i fellesrådene som nå skal slås sammen. Dette kan medføre at ingen av de tidligere lederne har krav på stillingen fordi det ikke i det vesentlige er en videreføring av tidligere stilling men i realiteten en helt ny stilling.*

*Det blir med andre ord en konkret vurdering av de sittende kirkevergenes stillingsinnhold og deres kompetanse, opp mot stillingsinnholdet til den nye kirkevergestillingen.*

**Plikten til å tilby «annet passende arbeid», jf. arbeidsmiljøloven § 15-7 (2):**

*Ved en fellesråds sammenslåing vil det bli en eller flere lederstillinger som blir overtallige. Arbeidsgiver plikter å vurdere «annet passende arbeid» for hver enkelt av disse. Det er en forutsetning at vedkommende er kvalifisert for stillingen. Arbeidsgiver har kun plikt til å gi et tilbud om «annet passende arbeid».*

*Mellomledere, som personalsjef eller økonomisjef i et av de opprinnelige fellesrådene, har ingen «fortrinnsrett» til å få tilbud om tilsvarende stilling som «annet passende arbeid» i den nye fellesrådet, da det kan være andre ledere på høyere nivå, typisk kirkeverger, som også vil kunne være aktuell for stillingen.*



# DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

*Arbeidsgivers utvelgelse av hvem som eventuelt skal tilbys stillingen som «annet passende arbeid» må skje ut fra de kriterier som gjelder for sammenslåingsprosessen og som er drøftet med de tillitsvalgte. Det er viktig at utvelgelseskriteriene også egner seg for innplassering av ledere, eventuelt at det utarbeides egne utvelgelseskriterier som gjelder for ledere. Ved innplassering av ledere bør det være viktigere med kriterier som personlig egnethet (lederegenskaper), formell kompetanse, ledererfaring og målbare resultater, enn for eksempel ansiennitet og sosiale hensyn.*

*Kun dersom det ikke er overtallige som oppfyller kompetansekravene som er stilt til den nye kirkevergestillingen eller at de eksisterende lederne som oppfyller kompetansekravene ikke ønsker stillingen – skal stillingen lyses ut eksternt. Når det gjelder leder- og nøkkelstillinger ved en virksomhetsoverdragelse kan følgende momenter settes opp:*

- 1. Kartlegge hvilke lederstillinger som blir overtallige i det nye fellesrådet basert på nytt organisasjonskart/ bemanningsplan.*
- 2. Gjennomføre møte med den enkelte og undersøke hvorvidt den enkelte er interessert i å fortsette i tilsvarende stilling, eventuelt annen aktuell stilling.*
- 3. Kartlegg ledernes kompetanse.*
- 4. Har en av de ansatte rettskrav på stillingen? Hvis ja skal vedkommende tilbys stillingen.*
- 5. Hvis nei: a. Vurdere ut fra utvelgelseskriterier (drøftet med tillitsvalgte) hvem som skal tilbys stillingen som ny kirkeverge og hvem som skal tilbys «annet passende arbeid». b. Om ingen er kvalifisert for stillingen skal den lyses ut eksternt.*

Det er ei naturleg vurdering at kyrkjeverjestillinga i det nye fellesrådet har en vesentlig grad av vidareføring av stillinga slik den er i dag. Det betyr at kyrkjeverjene som i dag har stillinga i kvar kommune har rettskrav på stillinga som kyrkjeverje for det nye fellesrådet. Vidare er det heilt klart at arbeidsoppgåvene knytt til administrasjon av det nye fellesrådet er av eit slikt omfang at det er naturleg at ein også legg opp til å tilby arbeid vidare for den av kyrkjeverjene som ikkje blir kyrkjeverje for det nye fellesrådet. Den bør få tittelen assisterande kyrkjeverje.

#### *Forslag til vedtak:*

Soknerådet tek informasjon om samansetning av partssamansett utval til informasjon og ber kyrkjeverja pålegge staben å velje sin representant til utvalet.

Soknerådet gjev fellesnemnda mandat til å snarast gjere kyrkjeverjestillingane i Bø og Sauherad om til éi stilling som prosjektleiar og kyrkjeverje og éi stilling som assisterande kyrkjeverje i den samanslåtte kommunen med verknad frå seinast 1.1.2020.

Soknerådet gjev fellesnemnda mandat til å lyse ut dei to stillingane internt, og vurderer det slik at dei to noverande kyrkjeverjene, og berre dei, kan søkja dei to stillingane. Soknerådet støttar ein tilsettingsprosess der felles administrasjonsutval utformar utlysingstekst, fellesnemnda gjennomfører intervju og både dei to sokneråda og administrasjonsutvalet får uttala seg før endeleg tilsetning vert gjort i fellesnemnda. Soknerådet meiner at funksjonen som prosjektleiar må tre i kraft straks etter tilsetning, men at funksjonane som kyrkjeverje og assisterande kyrkjeverje kan tre i kraft frå det tidspunktet fellesnemnda etter nye drøftingar med sokneråda finn best.

Soknerådet gir også nemnda mandat til å tilsette hjelp for å avlaste prosjektleiar dersom prosjektleiar blir ein av kyrkjeverjene. Soknerådet er innforstått med at eitt av sokneråda blir vertsfellesråd for denne stillinga.



# DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

## *Møtebehandling:*

### *Vedtak:*

Soknerådet tek informasjon om samansetning av partssamansett utval til informasjon og ber kyrkjeverja pålegge staben å velje sin representant til utvalet.

Soknerådet gjev fellesnemnda mandat til å snarast gjere kyrkjeverjestillingane i Bø og Sauherad om til éi stilling som prosjektleiar og kyrkjeverje og éi stilling som assisterande kyrkjeverje i den samanslåtte kommunen med verknad frå seinast 1.1.2020.

Soknerådet gjev fellesnemnda mandat til å lyse ut dei to stillingane internt, og vurderer det slik at dei to noverande kyrkjeverjene, og berre dei, kan søkja dei to stillingane. Soknerådet støttar ein tilsettingsprosess der felles administrasjonsutval utformar utlysingstekst, fellesnemnda gjennomfører intervju og både dei to sokneråda og administrasjonsutvalet får uttala seg før endeleg tilsetting vert gjort i fellesnemnda. Soknerådet meiner at funksjonen som prosjektleiar må tre i kraft straks etter tilsetting, men at funksjonane som kyrkjeverje og assisterande kyrkjeverje kan tre i kraft frå det tidspunktet fellesnemnda etter nye drøftingar med sokneråda finn best.

Soknerådet gir også nemnda mandat til å tilsette hjelp for å avlaste prosjektleiar dersom prosjektleiar blir ein av kyrkjeverjene. Soknerådet er innforstått med at eitt av sokneråda blir vertsfellesråd for denne stillinga.

### **Sak 022/17 Økonomirapport pr juli 2017**

Vedlagte regnskapsrapport viser status ved utgangen av juli måned. Da er 7/12 eller 58,3 % av det lineære året «unnagjort», men når det gjeld lønskostnadane så er prosentsatsen 54.

I det store og heile ser situasjonen ganske grei ut. Nokre utgiftspostar viser eit overforbruk, men det er ikkje meir urovekkande enn at vi må halde kontroll på dette.

Vi gjennomførte i vår ein målretta helsekontroll hos bedriftshelsetenesta. Det var det ikkje budsjettert med, og er årsaka til ei overskriding på 17.000 kr på art 11952.

### *Forslag til vedtak:*

Soknerådet tek økonomirapporten til orientering.

## *Møtebehandling:*

### *Vedtak:*

Soknerådet tek økonomirapporten til orientering.

### **Sak 023/17 Open kyrkje**

#### **Bakgrunn**

Her i Sauherad har vi to flotte middelalderkyrkjer, som bygdefolket er stolte av og meir enn gjerne viser fram til besøkande. Problemet er at kyrkjene stort sett er stengt for publikum når det ikkje foregår noko i kyrkja.

Dei som vil inn for å sjå kyrkja, eller for å søke stillhet og ro i eit heilagt rom, må no gjere ei avtale om det.

Denne ordninga blir fort veldig arbeidskrevjande for delar av staben (kyrkjetenarane og diakonen, vår sjefsomvsat). Samstundes så kan kyrkje opplevast som lite imøtekomande når/viss den er lite tilgjengeleg.



# DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

Rett før ferien sendte prosten eit brev til alle sokneråd og fellesråd der vi blir utfordra til å opne kyrkjene våre. Brevet ligg ved saka, og her skriv prosten at for han er dette ein gamal draum, og at det å opne i alle fall éi kyrkje i kvar kommune på permanent basis vil vere ei sterk symbolsk handling ism reformasjonsjubileet.

I sommar kyrkjjetenarane fått beskjed om å låse opp den kyrkja der dei arbeidar (inne eller ute). Problemet her er at det også blir lite forutsigbart når det er berre éin kyrkjjetenar – redusert stilling på jobb i ferietida, og han skal dele arbeidstida på to kyrkjer/kyrkjegardar. Men vi ser at vegfarande, og da særleg bobilane, stadig oppsøker kyrkjene. Er dei interessert, og heldige, kan dei få kome inn, men det er sikkert mange fleire som gjerne skulle sett kyrkjene også innvendig, men som ikkje får høve til det.

Hovudspørsmålet er; skal vi jobbe vidare med sikte på å ha ei av kyrkjene ope på fast basis? Er det ynskjeleg, og gjennomførbart?

På KA sine sider er det bilete av 158 kyrkjer på nettsida «Åpne kirker».

*Kirkebygg kan også besøkes utenom den ordinære gudstjenestetiden. Man kan oppsøke kirkene for å studere vakker utsmykning og kirkekunst, tenne et lys, meditere, be en bønn eller bare sette seg ned for å oppleve rommet eller stillheten.*

*En del kirker har egne skilt langs veien for å vise at de er åpne for veifarende turister i en periode om sommeren. I tillegg til disse veikirkene finnes det også kirker som er åpne på dagtid, ettermiddag og i enkelte tilfeller også sen kveld og natt. I denne oversikten kan du se hvilke kirker som har dette tilbudet, og finne åpningstidene for hver enkelt kirke. Flere steder er også det faste tilbud om omvisning, servering og programposter som orgelmusikk og kveldsbønn.*

På Wikipedia står dette om «Veikirker»:

**Veikirke** er en [kirke](#) som; ligger i nærheten av en trafikkert vei, har åpent minst tre uker om sommeren, minst fem dager i uken og minst fem timer pr. dag, har vertskap og enkel servering, tilbyr informasjonsmateriell og har tilgang på toalett

I Norge er det 50 veikirker, og i tillegg er flere hundre kirker åpne utenom vanlig åpningstid.

Kyrkjeverja i Bø har hatt kontakt med forsikringsselskapet vårt KNIF, og fått dette svaret på kva forsikringsvilkåra seier om opne kyrkjer:

## 5.6 Tyveri/hærverk

*Bygning/rom/verdioppbevaringsenhet må være sikret og avlåst i den tid kirken ikke er åpen for publikum. Nøkler skal oppbevares utenfor forsikringsstedet, forsvarlig sikret og utilgjengelig for uvedkommende.*

*Forsikringstakers og medforsikredes rett til erstatning kan helt eller delvis bortfalle om overholdelse av sikkerhetsforskriften er forsømt av andre som er betrodd nøkler eller har ansvaret for avlåsing.*

*Gjenstander av edelmetall (herunder sølvgjenstander) skal oppbevares i avlåst brann- og tyverisikker safe når kirken står ubevoktet. Andre tyveriutsatte eiendeler, slik som antikviteter, kunstverk, kameraer, prosjektører, musikkanlegg, løse musikkinstrumenter, PC og TV og lignende med en verdi pr. enkeltgjenstand som overstiger kr. 20 000 skal, når kirken står ubevoktet, enten:*

- 1. oppbevares i låst rom adskilt fra kirkeskipet eller*
- 2. være fastmontert/fastlåst i vegg, gulv eller fundament eller*
- 3. være sikret med tyverialarm med tilknytning til døgnkontinuerlig bemannet alarmsentral*

***Ved åpen kirke skal det holdes tilsyn med gjenstander som ikke er innelåst, fastmontert/fastlåst eller sikret med tyverialarm som beskrevet i tredje kulepunkt.***

*Penger og verdipapirer skal oppbevares innelåst i brann- og tyverisikker safe.*



# DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

*I følgebrevet til årsfornyelsen av forsikringen for kirker og kirkeløsøre står følgende tekst:*

## **Åpen kirke**

*Ved åpen kirke skal det holdes tilsyn med gjenstander som ikke er innelåst, fastmontert eller sikret med tyverialarm med tilknytning til døgnkontinuerlig bemannet alarmsentral.*

*Vi anbefaler brannalarm og innvendig slokkeanlegg i kirke som er åpen for publikum og kirken er ubevoktet.*

Vi har brann- og tyverialarmer i begge kyrkjene, men ikkje automatiske slokkeanlegg. Dette har forøvrig Riksantikvaren teke opp med oss (sjå eigen meldingssak).

Det må også finnast praktiske og tekniske løysingar slik at ein kan låse av deler av kyrkja, og evt. heile kyrkja delar av døgnet.

## *Forslag til vedtak:*

Soknerådet ber kyrkjeverja jobbe vidare med saka og undersøkje om det kan la seg gjennomføre å ha ei av kyrkjene open på permanent basis.

## *Møtebehandling:*

## *Vedtak:*

Soknerådet ber kyrkjeverja jobbe vidare med saka og undersøkje om det kan la seg gjennomføre å ha ei av kyrkjene open på permanent basis.

## **Sak 024/17 Salg av gravemaskin Hanix N300-2**

Sauherad kommune kjøpte i 1994 ein bruka gravemaskin av typen Hanix (1990 modell) til bruk på Sauherad kyrkjegard. Den har vore i bruk fram til 2016, da det byrja å bli startproblem med den. Sidan maskina også overstig det vekt- og effektnivået som gjer at den må sertifiserast med jamne mellomrom gjorde til at vi fann det fornuftig å kvitte oss med den. Heretter vil vi basere oss på å leige inn den same gravemaskina som har blitt bruka på Nes kyrkjegard dei siste åra.

Gravemaskina er no selt for kr 40.000 til ein privatperson. Sidan dette er å rekne som eit «leilighetsvis» sal så blir det ikkje rekna moms av salssummen.

Kyrkjeverja tilrår at salssummen blir inntektsført over investeringsrekneskapen, der vi har ein underdekning (sjå SR sak 02/17).

## *Forslag til vedtak:*

Soknerådet vedtek at salssummen på kr 40.000 blir inntektsført i investeringsregnskapet.

## *Møtebehandling:*

## *Vedtak:*

Soknerådet vedtek at salssummen på kr 40.000 blir inntektsført i investeringsregnskapet.

For Sauherad og Nes sokneråd

Trond Haugen  
kyrkjeverje